

Robert Hjertås  
Radøyvegen 3125  
5939 SLETTA

## Ny endra førehandstilsegn - avkørysle - Fv. 5484 - Gnr 415 bnr 10 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 06.01.2020, tidlegare førehandstilsegn, samt innsending av nye opplysninger den 10.03.2020.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til flytting av avkørysle fra fv. 5484 til eigedomen gnr. 415 bnr. 10 i Alver kommune.

### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Mellombels anleggsavkørysle skal utformast slik som vedlagt situasjonsplan 10.03.2020, når anleggs- og byggeperiode er over skal avkørysla reduserast i storlek og byggjast om som permanent avkørysle i tråd med situasjonsplan datert 22.01.2020 og krav i prinsippskisse som ligg ved.
2. Løyvet gjeld flytting av landbruksavkørysle.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkørysla skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebanen. Eventuelle planter og liknande i frisiktona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter, sjå prinsippskisse.
4. Svingradius skal vere 5 meter (10 meter i diameter), sjå prinsippskisse. Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkørysla skal vere 6,5 meter.
5. Stigningskravet må haldast, sjå prinsippskisse. Vi vil her gjere merksam på at avkørysla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei to første meterane.
6. Eksisterande avkørysle skal stengast før det vert gjeve bruksløyve til ny avkørysle.
7. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.

8. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkørsel, frisiktoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
9. Dersom avkørsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkørsel*.
10. Så snart avkørsla er ferdig bygd, må du ta kontakt med Vestland fylkeskommune som vil kome på synfaring og eventuelt gje eit bruksloyve for avkørsla. Avkørsla skal vere godkjend av Vestland fylkeskommune før nye byggearbeid blir set i gang.
11. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkørselen har sjølv ansvaret for at krav til utforming til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekke tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkørsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>  
<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

#### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkørsel frå.

Det er søkt om å flytte eksisterande avkørsle for å legge til rette for ny, først skal den byggjast som mellombels anleggsvirkørsle i byggeperiode til ny driftsbygning, deretter skal den omarbeidast til permanent landbruksavkørsle. Dagens avkørsle har ei dårlig utforming. Ny avkørsle skal i anleggsperioden dimensjonerast for lastebil og får deretter redusert radius og breidde. Søkjar har sjølv vurdert utforming som er tilfredsstillande i høve til forventa bruk og type køyretøy, jf brev. Den permanente landbruksavkørsle skal ha radius 5 meter.

#### Rett til å klage:

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, Sandslihaugen 30, 5254 Sandslihaugen eller [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Med helsing

Hege Løtveit  
Leiar

Eva Sundal  
Overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg  
Situasjonsplanar  
Prinsippskisse med krav om utforming  
Skjema klage på forvaltningsvedtak  
Veglova [§ 40](#) og [§43](#)

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Tone Bøyum INV VLFK